

## **HØYRING OM JUSTERING AV HOVEDGUDSTENESTA**

Saman med sokneprest Kristin Strand, og tidlegare sokneprest Torbjørn Brøske, hadde representantar frå Stangvik, Todalen og Åsskard sokn den 5. april 2018 samtalar om høyringsdokumenta vedrørande revisjon av ordningar for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja.

Her er nokre merknader frå møtet.

### **I – SAMLING**

Høyringsspørsmål 3e og i:

vi er einige i at samlingsbøna ikkje lenger blir obligatorisk, og at dagens bønn blir obligatorisk.

Elles merkar ein seg m.a. frå høyringsframleggjet:

- \* Forsamlinga STÅR under eventuell PROSESJON og (alltid) under INNGANGSSALME og HELSING
- \* SAMLINGSBØNA kan utelatast
- \* KYRIE skal alltid vera med
- \* DAGENS BØN blir obligatorisk

Møtet har ingen særlege merknader til «I – Samling»

Men sokna vil ved seinare handsaming ta stilling til

- a) Bruk av Samlingsbøn
- b) Kvar i gudstenesta Syndsvedkjening skal koma

### **II – ORDET**

Høyringsspørsmål 4:

Her merkar ein seg m.a.:

- \* Det skal ikkje vera SALME før evanglielesinga
- \* HALLELUJAVERS før evangelielesinga og tilsvarande RESPONS etter lesinga
- \* PREIKESTOLEN synest å vera prioritert før lesepult o.a. som stad for preika
- \* FORMA for preike blir innstramma
- \* TRUVEDKJENNINGA kan koma før eller etter neste salme
- \* Takkofferet kjem her når det IKKJE er nattverd.

Møtet har desse merknadene til «II – Ordet»:

- a) Truvedkjeninga BØR leiast av Medliturg (ML). Dette for å poengtere at truvedkjeninga kan vera forsamlinga sitt «Ja» (respons) på forkynninga av Guds ord (som oftast jo blir formidla av Liturgen, L).
- b) Ordet «Kyrkjelydssvar» («Menighetssvar») under Forbøn gir ikkje rett meinig. Det er Gud, ikkje vi menneske, som svarar på bøn. «*Herre, høyr vår bøn!*» og liknande formuleringar er språkleg sett heller ikkje «svar», men tilslutning. Møtet tilrår at ein heller kallar forsamlinga sitt innslag i forbøna for «**Tilslutning**», «**Tilslutningsord**» eller «**Tilslutningsledd**».
- c) Gruppa ser ein stor rikdom og utfordring i å engasjere fleire i utforming og presentasjon av forbøna. Her er klokkar (friviljug), andre medhjelparar, konfirmantar og kirkevertar aktuelle.
- d) Takkofferet bør vera eit eige ledd også når det er nattverd i gudstenesta

### **III - NATTVERD**

Kommentarar til høyringsspørsmål 5 a, b, c, d og e:

Møtet har desse merknadene til «III – Nattverd»:

- a) Gruppa er ueinige i at takkofferet no vert sett på/fungerer som innleiing til nattverfeiringa. Det kan vi grunngje både teologisk, pedagogisk og estetisk. Vi mister også den fine overgangen frå nattverdsalmen til prefasjonen. No kjem prefasjonen etter takkebøna etter offeret.

Ved å nytte namnet «Takkoffersalme» markerer ein ikkje den tradisjonelle forståinga at salmen knyter seg til nattverden («Salme før nattverden»)

b) Ved at mange kyrkjelydar (som våre) vanlegvis ikkje tek opp takkofferet i kyrkjebenkane, men går rundt altaret og legg gåvene der, vil salmesongen bli sterkt skadelidande ved framleggset sin praksis

c) Overgangen frå salme til nattverdprefasjon blir mindre organisk enn no

d) «Bordet dekket» under salmen, som altså no skal heite Takkoffersalme og ikkje Salme før nattverden. I 2011-liturgien vart det sterkt understreka at liturgen skulle legge brød på disken og slå vin i kalken også når elementa allereie stod på altaret. Dette ser no ut til å vere heilt ute av biletet. Forutsett komiteen at nattverdelementa allereie er på disk og i kalk? Og kven skal ordne dette - kyrkjetenar, liturg, medliturg, andre friviljuge? Slik det ser ut no vert det ikkje noko borddekking.

d) Utvida pax. Fleire såg det positive og riktige i eit utvida fredsønske, men trur fleire her i landsens kyrkjelydar med ikkje alt for mange til stades vil oppleve dette som framand og utfordrande. Likevel kom det fram at fleire «landsens kyrkjelydar» har teke i bruk dette ledet med glede.

e) Utdeling. Det har vorte meir og meir vanleg med intinksjon i våre kyrkjelydar. Fleire etterlyser nattverd med «knefall» på altarringen og/eller staåande mottaking med særkalk. Vi har erfaring med både kneling og intinksjon i store kyrkjelydar, men hos oss kan vi ikkje ha både alternativa i same gudstenesta. Difor vil vi prøve å variere utdelingsforma gjennom kyrjeåret, tilpassa gudstenestedag og forventa deltaking (fellesgudsteneste pinsedag: 2 alternative utdelingsformer....)

f) Kristi kropp. Grunngjevinga komiteen har for å bruke kropp heller enn lekam/legeme, synes vi er svak. (Det er mye snakk om himmellegeme, fremmedlegeme og dødt legeme.....) Og så lenge tilsigelesorda (Den korsfestede og oppstandne ...har nå gitt oss...sitt hellige legeme..) framleis beheld lekam/legeme, bør ikkje «kropp» erstatte legeme/kropp i utdelingsteksta. Det vart også peika på at Kristi er eit jentenamn og at ein eventuelt skulle sagt «Jesu Kristi kropp/blod, ... for deg».

g) Vidare vil vi gjerne bevare ordet «kalk» i staden for beger.

#### **IV – SENDELSE**

Kommentarar:

a) Velsignelsen. Gruppa ønskjer at kyrkjelydane her beheld Amen x 3 etter velsigninga.

b) Gruppa ønskjer at utsendingsorda (Gå i fred...) kjem etter postludiet. Nokre i gruppa ønskjer fast utgangsprosesjon/resesjon, til musikk, og ønskjer da eit post-postludium!

For evalueringsgruppa

Rannveig Brøske,  
leiar i Stangvik sokneråd

